



Innst. 172 S

(2012–2013)

Innstilling til Stortinget frå kyrkje-, utdannings- og forskingskomiteen

Dokument 8:141 S (2011–2012)

Innstilling frå kyrkje-, utdannings- og forskingskomiteen om representantforslag frå stortingsrepresentantane Borghild Tenden og Trine Skei Grande om fleire moglegheiter for opptak til høgare utdanning

Til Stortinget

Samandrag

Dokumentet inneheld desse forslaga:

- «1. Stortinget ber regjeringen innføre alternativ opptaksprøve til høyere utdanning, etter modell av det svenske 'høgskoleprovet'.
2. Stortinget ber regjeringen fremme forslag om å gi utdanningsinstitusjonene frihet til selv å få stille krav til forkunnskaper, vektlegging av relevante fag og å arrangere opptaksprøve eller intervju.»

Merknader frå komiteen

Komiteen, medlemene frå Arbeidarpartiet, Tor Bremer, Svein Gjelseth, Stine Renate Håheim, Truls Wickholm, Karin Yrvin og leiaren Marianne Aasen, frå Framstegspartiet, Mette Hanekamhaug, Tord Lien og Bente Thorsen, frå Høgre, Elisabeth Aspaker, Svein Harberg og Henning Warloe, frå Sosialistisk Venstreparti, Mari Lund Arnem, frå Senterpartiet, Anne Tingelstad Wøien, frå Kristeleg Folkeparti, Dagrun Eriksen, og frå Venstre, Ola Elvestuen, viser til representantforslaget.

Komiteen er samd med forslagsstillarane i at det er viktig at så mange som mogleg av dei som ynskjer ei høgare utdanning, får høve til det.

Likevel er det etter fleirtalet i komiteen, medlemene frå Arbeidarpartiet, Framstegspartiet, Høgre, Sosialistisk Venstreparti og Senterpartiet, sitt syn ikkje naudsynt med nokon alternativ opptaksprøve som grunnlag for inntak til høgare utdanning.

Dagens ordning med realkompetansevurdering, og y-veg som supplement til generell studiekompetanse som opptaksgrunnlag til høgare utdanning, synest tilstrekkeleg.

Komiteen er samd med det som kunnskapsministaren skriv i svaret sitt 28. september 2012 til komiteen om at det er viktig med enkle og føreseielege krav for opptak til høgare utdanning og for rangering av kvalifiserte søkarar. Det er ein føresetnad for at elevane i vidaregåande opplæring skal kunne gjere gode vurderingar og rett val av høgare utdanning.

Fleirtalet i komiteen, medlemene frå Arbeidarpartiet, Framstegspartiet, Høgre, Sosialistisk Venstreparti og Senterpartiet, sitt syn er vidare at dei fleste søkerane til høgare utdanning i Noreg er nøgde med felles opptaksreglar baserte på felles opptakskrav og rangering av kvalifiserte søkarar. Det synest heller ikkje å vere noko stort ynskje frå institusjonane når det gjeld opptaksprøvar som generell ordning.

Fleirtalet ser difor ikkje noko stort behov for å endre gjeldande regelverk.

Komiteens medlemmer fra Kristelig Folkeparti og Venstre mener det er viktig at så mange som mulig gis muligheten til å ta høyere

utdanning. Utdanning gir, etter disse medlemmers syn, enkeltmennesket muligheten til å realisere seg selv, og er samtidig av stor samfunnsmessig verdi.

Disse medlemmer viser til den økende tendensen om at det stilles krav til formell kompetanse ved utlysning av stillinger. Etter disse medlemmers syn viser dette hvor viktig det er å legge til rette for at folk får mulighet til å formalisere sin realkompetanse på en mer fleksibel måte enn med dagens regelverk. Disse medlemmer viser til at enkelte i dag både har evner til og ønske om å studere uten å ha en enkel mulighet til å begynne å dette – selv om ordningen med vurdering av realkompetanse eksisterer.

For disse medlemmer er det viktig at alle som ønsker å søke ny viten, skaffe seg ny kompetanse og få dokumentert sine egne ferdigheter, skal ha muligheten til dette. Derfor holder disse medlemmer fast på at det er behov for kontinuerlig å vurdere alternative veier til høyere utdanning for dem som mangler generell studiekompetanse, og det er også bakgrunnen for forslaget om å innføre en slik «alternativ vei» – etter modell av det svenske «høgskoleprovet».

Disse medlemmer viser til at det i den senere tid har vært diskutert forslag som innebærer å senke kravene til generell studiekompetanse, for å sikre også de med utdanning fra yrkesforberedende utdanningsprogrammer i videregående opplæring muligheten til utdanning på høyskoler eller universiteter. Disse medlemmer vil fortsatt ha som hovedregel at generell studiekompetanse legges til grunn for opptak til høyere utdanning, og frykter at å lempe på disse kravene vil føre til mer frafall i høyere utdanning og samtidig bidra til en uønsket teoretisering av de yrkesfaglige utdanningene. Disse medlemmer mener en alternativ opptaksprøve til høyere utdanning, som skissert over, er en bedre modell for å sikre flere muligheten til høyere utdanning.

Disse medlemmer kan heller ikke se at det er et problem å gi institusjoner som ønsker det, større grad av frihet i forbindelse med å stille krav til forkunnskaper, vektlegging av relevante fag og å arrangere opptaksprøve eller intervju. Disse medlemmer mener at dette vil kunne skjerpe profilen til det enkelte fagtilbud og institusjon, og fint vil kunne fungere innenfor rammene av Samordna opptak. Uansett bør dette, som en begynnelse, kunne prøves ut i mindre omfang.

Disse medlemmer fremmer på denne bakgrunn forslagene i dokumentet.

Forslag frå mindretal

Forslag frå Kristeleg Folkeparti og Venstre:

Forslag 1

Stortinget ber regjeringen innføre alternativ opptaksprøve til høyere utdanning, etter modell av det svenske 'høgskoleprovet'.

Forslag 2

Stortinget ber regjeringen fremme forslag om å gi utdanningsinstitusjonene frihet til selv å få stille krav til forkunnskaper, vektlegging av relevante fag og å arrangere opptaksprøve eller intervju.

Tilråding frå komiteen

Komiteen har elles ingen merknader, viser til representantforslaget og rår Stortinget til å gjere slikt

v e d t a k :

Dokument 8:141 S (2011–2012) – representantforslag frå stortingsrepresentantane Borghild Tenden og Trine Skei Grande om fleire moglegheiter for opptak til høgare utdanning – vert ikkje vedteke.

Oslo, i kyrkje-, utdannings- og forskingskomiteen, den 17. januar 2013

Marianne Aasen

leiar

Tor Bremer

ordførar